



Statens vegvesen

Reknes Byggjevarer L.L
Masfjordvegen 187
5986

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/137997-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
25.11.2016

Uttale – Søknad om avkjørsle – Fv. 404 – gnr. 145 bnr. 34 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 8. september 2016. Vi var på synfaring på staden 19. oktober 2016.

Kva saka gjeld:

Du har søkt om ny avkjørsle til gnr. 145 bnr. 34 på Fosse i Lindås kommune, *vår referanse fv.404 hp 1 km 2,735*. Det er også søkt om dispensasjon frå byggjegrense langs veg for å føre fram leidningar til tomte.




Fig: Utdrag av «Fv. 404 – Parsell Kvamme til kryss ved veg til Fossavatnet» (2016). Omsøkte eigedom er markert med raud pil.

Eigedomen ligg i eit område som er avsett til bygning og anlegg jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Eigedomen er bygd med ein eldre einebustad. Avkjørsle er nyleg

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

regulert gjennom reguleringsplan «Fv. 404 – Parsell Kvamme til kryss ved veg til Fossavatnet» (2016). Sjølve tomta er ikkje regulert og ligg utanfor dette planområdet.

Opplysning om saksgang:

Det er Lindås kommune som er rett mynde og skal handsame søknaden. Statens vegvesen har uttalerett i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ein uttale i denne saka, som du kan legge ved søknad om tiltak til Lindås kommune.

Uttale:*Avkøyrsløse:*

Eigedomen har i dag ikkje køyrbar tilkomst. Det er søkt om å flytte dagens avkøyrsløse til fv. 404 og byggje den regulerte løysinga. Det er særleg viktig at siktkrava vert oppfylt. Ein må også setje krav om å stenge dagens avkøyrsløse, slik det kjem fram av reguleringsplanen.

Reguleringsplanen for fylkesvegen syner ikkje avkøyrsløse til tomta. Vi meiner likevel det vil vere naturleg at denne eigedomen har avkøyrsløse her. Utfordringa vil vere terrengskilnadene mellom veg og tomt. Det bør utarbeidast tekniske teikningar som syner korleis dette skal realiserast, og som syner påkopling til fylkesvegen.

Byggjegrænse:

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg for å leggje mellombels vassleidning fram til tomta. Vi meiner at vassleidninga bør leggjast på motsett side av tilkomstvegen, og så langt unna vegbana til fv. 404 som råd. Dette fordi det vil vere uheldig å leggje til rette for tiltak som mellom anna kan hindre framdrift og utbygging av vegplanen.

Vidare saksgang:

Det er Lindås kommune som avgjer søknad om dispensasjon frå godkjent plan. Dersom Lindås kommune gjev løyve til tiltaket, må det sendast inn ny søknad om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg.

Vi ber om å få Lindås kommune sitt vedtak sendt over for eventuell klagevurdering.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ